

# FOLKEHELSEOVERSIKT

## 2025-2028



Kjelde: Bilde generert i Copilot.

## INNHALD

BAKGRUNN.....	3
OPPSUMMERING .....	4
1 BEFOLKNINGSSAMANSETNING .....	5
1.1 FOLKETALSUTVIKLING .....	5
1.2 FOLKETAL ETTER ALDERSGRUPPE .....	6
1.3 ETNISITET .....	6
1.4 HUSHALD ETTER TYPE .....	6
1.5 INSTITUSJONS- OG OMSORGSPLASSAR .....	7
2 OPPVEKST- OG LEVEKÅR.....	8
2.1 KOMMUNIKASJON OG KOLLEKTIVTILBOD .....	8
2.2 NATURFARAR OG VERKNADAR PÅ FOLKEHELSEA .....	8
2.3 NÆRINGSSTRUKTUR .....	8
2.4 ARBEIDSPASSDEKNING OG ARBEIDSLØYSE.....	9
2.5 UTDANNINGSNIVÅ OG INNTEKT .....	9
2.6 SOSIOØKONOMISK STATUS OG HELSEFORSKJELLAR.....	10
2.7 LOVBROT .....	10
2.8 BARNEHAGE .....	11
2.9 SKULE .....	11
2.10 TRIVSEL OG MOBBING UNGDATA 2024.....	12
2.11 HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTA.....	13
2.12 VAKSINASJON.....	14
2.13 BARNEVERN .....	14
2.14 BETRE TVERRFAGLEG INNSATS (BTI).....	14
3 FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ .....	15
3.1 DRIKKEVASSKVALITET .....	15
3.2 RADON .....	15
3.3 STØY OG LUFTKVALITET/KLIMAGASSAR.....	16
3.4 FYSISK SKULEMILJØ.....	16
3.5 KULTUR.....	16
3.6 FRIVILLIGSENTRALEN OG FRIVILLIGHEITA .....	17
3.7 UNGDOMSKLUBB.....	17
3.8 NATURTERRENG, REKREASJONSAREAL OG MØTEPLASSER.....	18

3.9	GATEBELYSNING, GANG- OG SYKKELVEG .....	18
4	SKADER OG ULYKKER .....	19
4.1	UTSETTE SKULEVEGAR .....	19
4.2	PERSONSKADER ETTER VEGTRAFIKKULYKKER .....	19
4.3	ANDRE PERSONSKADER .....	19
5	HELSERELATERT ÅTFERD .....	20
5.1	TOBAKK .....	20
5.2	ALKOHOL OG RUS .....	20
5.3	VALD OG TRAKASSERING – UNGDATA 2024 .....	21
5.4	KOSTHALD .....	21
5.5	FYSISK AKTIVITET .....	24
5.6	ORGANISERT IDRETT/AKTIVITET .....	24
5.7	UORGANISERT IDRETT/AKTIVITET .....	24
5.8	LEGEMIDDELBRUK .....	25
6	HELSETILSTAND .....	27
6.1	FORVENTA LEVEALDER .....	27
6.2	PSYKISKE LIDINGAR .....	27
6.3	OVERVEKT OG FEDME .....	28
6.4	HØG/LÅG FØDSELSVEKT .....	28
6.5	MUSKEL- OG SKJELETLIDINGAR .....	28
6.6	SJUKDOMMAR .....	29
6.7	DEMENS .....	29
6.8	TANNHELSE .....	29
6.9	UFØREPENSJON .....	30
6.10	SJUKEFRÅVÆR .....	30
7	REFERANSAR .....	31

## BAKGRUNN

Kvar enkelt har ansvar for eiga helse, men kommunesektoren har eit ansvar knytt til fremjing av helse i befolkninga. Kommunen skal særleg vere merksam på trekk i utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale problem, helsemessige problem og/eller sosiale helseforskjellar.

Folkehelseoversikta i Stranda kommune har til hensikt å gi oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som kan verke inn på denne. Oversikta er basert på informasjon frå statlege myndigheiter, kunnskap frå dei lokale tenestene i Stranda kommune, samt kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø- og lokalsamfunn.

Kunnskap om folkehelsestilhøva i kommunen er viktig for å kunne fastsette mål og strategiar for plan- og folkehelsearbeidet, og for å kunne prioritere og planlegge innsatsen på folkehelseområdet. Ved å redusere risikofaktorar og forsterke beskyttande faktorar blir risikoen for uheldig utvikling lågare. Tiltak som tilsynelatande har beskjeden effekt, kan ha stor samla effekt når tiltaket er retta mot mange.

Kvart kapittel startar med ei oppsummering av dei mest sentrale elementa under aktuelt tema, etterfølgt av meir detaljert informasjon rundt folkehelsefaktorar i Stranda kommune innanfor det gitte kapittelet.

Folkehelseoversikta er utarbeidd i 2025, og den dåverande situasjonen i kommunen dannar utgangspunkt for oversiktsarbeidet. Desember 2025 vart det bestemt at Liabygda bygdela, frå årsskiftet 2027, skal gå frå å vere ein del av Stranda kommune til å verte ein del av Fjord kommune. Denne overgangen vil, mellom anna, påverke data og datagrunnlaget knytt til folkehelse i Stranda kommune. Det er vanskeleg på noverande tidspunkt å føresjå dei eksakte konsekvensane av at Liabygda bygdela går ut av Stranda kommune. Folkehelseoversikta vert difor framlagt slik den framstår i dag, altså med Liabygda bygdela som ein del av Stranda kommune.

### FOLKEHELSE

Befolkninga si helsetilstand og livskvalitet, samt korleis helse og livskvalitet fordeler seg i befolkninga.

### FOLKEHELSEARBEID

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og livskvalitet i befolkninga, fremjar gode sosiale og miljømessige forhold, vernar mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa og førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade og lidning. Folkehelsearbeid inneberer å arbeide for utjamning av sosiale helseforskjellar og ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa.

### FOLKEHELSETILTAK

Kommunen skal iverksette naudsynte tiltak for å møte folkehelseutfordringar i kommunen. Dette kan mellom anna omfatte tiltak knytt til oppvekst- og levekårsforhold som bustad, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljø, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og rusmiddelbruk.

Kjelde: Lovdata, Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven), 2012

## OPPSUMMERING

Stranda kommune følger fylket og landet sine resultat på mange av områda i folkehelseoversikta, men på enkelte indikatorar skil kommunen seg ut.

Stranda kommune har enkelte utfordringar knytt til folkehelse:

- Nedgang i folketalet.
- Ei aldrande befolkning.
- Utdanningsnivå og rekruttering.
- Overvekt og fedme.
- Muskel- og skjelettlidingar.
- Få gang- og sykkelveggar.
- Kollektivtilbod.

Stranda kommune skårar godt på følgjande område:

- Arbeidsplassdekning.
- Gjennomføring i vidaregåande skule.
- Utanforskap.
- Drikkevasskvalitet, radon og støy.
- Tilgang på turstiar og friluftsområde.
- Forventa levealder.
- Uførepensjon.
- Oppleving av tryggleik målt i Ungdata.

Stranda kommune har i tillegg nokre særtrekk som er verdt å trekke fram i høve folkehelse. Kommunen ligg mellom fjord og fjell, med to ferjesamband og relativt store avstandar. Det er skredfare på enkelte vegstrekningar, særleg om vinteren. Stranda kommune sin næringsstruktur har høg grad av industri. Delar av Stranda kommune er prega av turisme, særleg om sommaren. 25 % av befolkninga i Stranda kommune har innvandrarbakgrunn, og majoriteten av innvandrarane er frå Litauen og Polen.

Stranda kommune bør arbeide for å byggje på, og vidareutvikle, dei områda innanfor folkehelse der ein skårar godt. Dette kan vere viktige beskyttande faktorar som bidreg til å fremje helse og livskvalitet hjå befolkninga. Kommunen bør samtidig arbeide for å utvikle gode strategiar for korleis ein skal prioritere og møte identifiserte utfordringar. Dette kan mellom anna vere viktig for å unngå vidare utvikling av faktorar som kan skape eller oppretthalde sosiale helseforskjellar og/eller sosiale og helsemessige problem. Arbeidet kan mellom anna formaliserast gjennom ein plan for folkehelse. Kommunen bør sikre høve til medverknad frå befolkninga, både i høve utforming, gjennomføring og evaluering av ev. tiltak.


# 1 BEFOLKNINGSSAMANSETNING

Med befolkningsmansetning meinast grunnlagsdata om befolkninga som til dømes tal på innbyggjarar, alders- og kjønnsfordeling, etnisitet med meir.

Stranda kommune har hatt ein nedgang i folketalet i perioden 2014-2024. Til tross for at talet no verkar å ha stabilisert seg noko, er nedgangen i perioden større enn føreskrivingane tilsa. Stranda kommune har per 2024 flest innbyggjarar i aldersgruppa 50-59 år. Det er forventa ei auke i tal på eldre, samtidig som færre barn blir fødd. Trenden med ei aldrande befolkning er tydelegare i Stranda kommune enn i landet elles. Stranda kommune har høgare del innvandrarbefolkning enn landet elles. Majoriteten av innvandrarane i kommunen er frå Litauen og Polen.

## 1.1 FOLKETALSUTVIKLING

Befolkninga i kommunen er konsentrert rundt dei fire bygdelaga: Stranda (kommunesenter), Hellesylt, Geiranger og Liabygda. Tredje kvartal 2025 var det 4345 innbyggjarar i Stranda kommune (SSB, Kommunefakta, 2025). I perioden 2015-2025 har Stranda kommune hatt ein nedgang i folketalet på - 4,9 % (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2025, 2025). Det er forventa ytterlegare nedgang i folketalet i Stranda kommune fram mot 2030, før prognosane tilseier at talet vil stabilisere seg fram mot 2050 (SSB, Kommunefakta, 2025).




Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune, 2025

## 1.2 FOLKETAL ETTER ALDERSGRUPPE

Stranda kommune hadde i 2024 flest innbyggjarar i aldersgruppa 50-59 år. Det er forventa ei auke i eldre, samtidig som færre barn blir fødd (SSB, Kommunefakta, 2025). I 2025 er det 7,6 % av kommunen si befolkning som er over 80 år, mot 4,8 % på landsbasis (Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025). Framskrivingar mot 2050 tilseier at kommunen då vil ha ei befolkning der 12,5 % er over 80 år, mot 9,7 % på landsbasis (Lystad consulting, 2025).

### Folketalspyramide, befolkning etter kjønn og alder, 2025 og 2037



Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune, 2025

## 1.3 ETNISITET

I 2025 har 21,4 % av befolkninga i Noreg innvandrarakgrunn. I Stranda kommune utgjør innvandrarbefolkninga 25 % av folketalet (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2025, 2025). Majoriteten av innvandrarane i kommunen kjem frå Litauen og Polen (SSB, Kommunefakta, 2025).

## 1.4 HUSHALD ETTER TYPE

I 2024 var det 82,1 % av befolkninga i Stranda som eigde eigen bustad. Det var i snitt 2,12 personar per hushald (SSB, Kommunefakta, 2025) og totalt 971 aleinebuande og/eller einfamiliehushaldningar med vaksne barn (SSB, Familier og husholdningar, 2025). 4,7 % av befolkninga i Stranda kommune budde trngt. Landsgjennomsnittet for trangbuddheit låg på 6,3 %, men er vanlegare i by enn på småstader. I 2024 budde 17,6 % av befolkninga i Stranda kommune på landbrukseigedom (SSB, Kommunefakta, 2025).

Fleire av bygdelaga i Stranda er prega av turisme delar av året. Dette inneberer også eit marknad for fritidsbustader og for privat utleige. Per 2025 er det 935 hytter, sommarhus og liknande fritidsbygg i Stranda kommune. I tillegg er det 137 heilårsbustader og våningshus som vert nytta

som fritidsbustad (SSB, Bygningsmassen, 2025). Det er naturleg å anta at grad av fritidsbustader og privat utleige har implikasjonar for bustadmarknaden i Stranda kommune.

## **1.5 INSTITUSJONS- OG OMSORGSPLASSAR**

Stranda kommune har ein sjukeheim og tre omsorgssenter fordelt på tre distrikt:

### **STRANDA DISTRIKT**

- 30 sjukeheims plassar langtid ved Stranda omsorgssenter (institusjon).
- 7 sjukeheims plassar korttid ved Stranda omsorgssenter (institusjon).
- 1 KAD (kommunal akutt døgnplass) ved Stranda omsorgssenter (institusjon).
- 11 ubemanna omsorgsbustader (Dalane og Egga) ved Stranda omsorgssenter.
- 7 ubemanna omsorgsbustader ved Liabygda omsorgsbustader.
- 10 bemanna omsorgsbustader ved Solbakken omsorgsbustader.

Det er planlagt bygging av ny sjukeheim i Stranda tettstad ved Stranda omsorgssenter.

### **Dagsenteret**

Dagsenteret er eit tilbod til heimebuande eldre og til personar med demens. Det vert lagt vekt på godt samvær gjennom aktivitet, tryggleik og trivsel. Tilbodet er tilknytt Stranda distrikt og ligg på Stranda omsorgssenter.

### **SUNNYLVEN DISTRIKT**

- 20 bemanna omsorgsbustader ved Sunnylvan omsorgssenter.
- 3 ubemanna omsorgsbustader ved Sunnylvan omsorgssenter.

### **GEIRANGER DISTRIKT**

- 9 bemanna omsorgsbustader ved Geiranger omsorgssenter.
- 1 avlastningsrom ved Geiranger omsorgssenter.

Kjelde: Stranda kommune, 2025

## **2 OPPVEKST- OG LEVEKÅR**

Oppvekst- og levekår dannar viktige premisser for helse og livskvalitet. Med oppvekst- og levekår meinast til dømes økonomiske vilkår, bu- og arbeidstilhøve, utdanningsforhold og tilknytning til skule.

Stranda kommune har ein geografi som påverkar mogelegheiter for både utbygging av bustadar og infrastruktur, transport, kollektivtilbod og effektiv tenesteyting. Turisme er ei viktig næring i Stranda kommune, særleg for Geiranger bygdelag.

Det er god arbeidsplassdekning i kommunen. Delen av befolkninga med høgare utdanning ligg lågare enn på landsbasis, medan gjennomføringa i vidaregåande skule ligg noko høgare enn på landsbasis. Utdanning og utdanningsnivå har betydning for den enkelte, men påverkar og mogelegheita for rekruttering av naudsynt kompetanse til ulike tenester. I 2023 var det 7,7 % av unge mellom 20 og 29 år som stod utanfor arbeid og utdanning i Stranda kommune, noko lågare enn landsgjennomsnittet.

I Stranda kommune ligg det totalt seks barnehagar og det er skuletilbod i tre av fire bygdelag. Resultata frå Ungdata 2024 tyder på at dei fleste ungdommar kjenner seg trygge i nærområdet.

### **2.1 KOMMUNIKASJON OG KOLLEKTIVTILBOD**

Stranda kommune har ein langstrakt og utfordrande geografi, plassert mellom fjord og fjell. Ein skal yte tenester i fire bygder med to ferjesamband. Tilbod og tenester er tidvis kun lokalisert i Stranda tettstad, samtidig som store avstandar og spreidd busetnad påverkar kollektiv- og taxitilbodet i kommunen. For dei som har behov for transport for å kunne komme seg til og frå ulike tenester og tilbod, kan dette ha konsekvensar for inkludering og deltaking. Dette gjeld særleg for utsette grupper.

### **2.2 NATURFARAR OG VERKNADAR PÅ FOLKEHELSE**

Det ustabile fjellpartiet Åknes ligg på vestsida av Sunnylvsfjorden i Stranda kommune. Eit skred i dette fjellpartiet kan medføre flodbølger som rammar inntil 10 kommunar i Storfjordregionen (Noregs vassdrags- og energidirektorat, 2024). Risikoen for ras frå Åkneset påverkar mogelegheitene for utbygging av både bustadar og infrastruktur i sentrumsområda til fleire av bygdelaga. Det er oppretta varslingsystem for innbyggjarane knytt til bølgesona. I 2019 vart det, av Noregs vassdrags- og energidirektorat, publisert ei skredfarekartlegging for dei mest folketette delane av Stranda kommune. Funna i kartlegginga syner at det er ein del hus/bygg som ligg innanfor faresone for skred.


Fylkesveg 63 mellom Grande og Geiranger har i 2025 fått skredvarslingsanlegg med automatisk stenging av vegstrekninga. Varslingsystemet er for snøskred og varslar ikkje for steinsprang etc.

### **2.3 NÆRINGSSTRUKTUR**

Næringsmiddelindustrien utgjer stor del av den totale næringsstrukturen i Stranda kommune. Det er flest tilsett i industri i Stranda (30,4 %), etterfølgt av helse- og sosialtenesta (15,4 %) og bygg- og

anleggsverksemd (13,3 %) (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2024, 2024). Turisme er og ei viktig næring i Stranda kommune, særleg for Geiranger bygdelag. Det er fleire samarbeidsstrukturar mellom kommune og næringsliv i Stranda, og næringslivet er ein faktor som påverkar lokalsamfunnet i høve sysselsetting og levekår.

## Næringsstruktur



Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune, 2025

### 2.4 ARBEIDSPASSDEKNING OG ARBEIDSLØYSE

Arbeidsplassdekninga i Stranda kommune, per 4. kvartal 2023 viser ei prosent på 103,9 %. Ei dekningsgrad på over 100 % tyder at talet arbeidstakarar som arbeider i kommunen er større enn talet på arbeidstakarar som er busett i kommunen. Det er fleire arbeidstakarar som pendlar inn til Stranda enn ut, og det er flest som arbeider i sekundærnæringar. Per 2023 var det 73,7 % sysselsettingsgrad i aldersgruppa 15-74 år i Stranda kommune, og Stranda hadde slik den høgste sysselsettingsgrada i fylket (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2024, 2024).

### 2.5 UTDANNINGSNIVÅ OG INNTEKT

I 2023 var det 25,74 % av befolkninga over 16 år i Stranda kommune som hadde høgare utdanning. Tilsvarende tal for Møre og Romsdal ligg på 31,49 %, medan talet er 37,41 % på landsbasis (SSB, Kommunefakta, 2025).

Tal frå 2023 viser at gjennomsnittleg bruttoinntekt 17 år og eldre var kr. 543 600,- i Stranda kommune. Gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn var kr. 616 400,-. Gjennomsnittleg bruttoinntekt for kvinner var kr. 466 000,- (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2025, 2025).

Andel personar som bur i hushald med vedvarande låginntekt i Stranda kommune ligg på 6,9 %. Talet ligg lågare enn både fylket (8,2 %) og landet elles (9,5 %). Andel barn i familiar med vedvarande låg inntekt ligg på 5,3 %. Talet ligg lågare enn både fylket (8,2 %) og landet elles (10 %) (Helsedirektoratet, Folkehelseprofiler og statistikk, 2025).

## 2.6 SOSIOØKONOMISK STATUS OG HELSEFORSKJELLAR

Sosioøkonomisk status (SES) målast med inntekt, utdanning eller yrkesstatus, enten åleine eller i kombinasjon. Uavhengig av indikator kan ein sjå ein samanheng mellom SES og helse i befolkninga. Mellom anna har den tidelen med lågast inntekt i befolkninga omlag fem gong så høgt sannsyn for å døy tidleg av sjukdommar som kan forebyggast eller behandlast, samanlikna med tidelen med høgast inntekt (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2024, 2024).

Andelen som gjennomfører vidaregåande opplæring i Stranda ligg høgare enn landsgjennomsnittet. I perioden 2021-2023 ligg gjennomføringa på 85 %, mot 81 % på landsbasis (Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025). Høgare gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring fører til personlege helsevinstar og fremjar sosial mobilitet. Det fører til ein betre utdanna arbeidsstyrke, noko som er essensielt for økonomisk vekst og innovasjon i regionen (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2024, 2024). Samtidig indikerer Ungdata 2024 at 30 % av ungdomsskuleelevane i Stranda kommune trur dei vil ta høgare utdanning, mot 58 % på landsbasis (Ungdata, 2024). I små kommuner som Stranda påverkar utdanningsnivået i befolkninga mellom anna mogelegheita for å rekruttere naudsynt kompetanse til ulike stillingar. Rekruttering av naudsynt kompetanse kan igjen ha betydning for tilbodet ut mot befolkninga.

Omgrepet NEET står for «Not in Employment, Education or Training», og er eit omgrep som vert nytta om unge i alderen 15-29 år som står utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak. I 2023 var det 7,7 % av unge mellom 20 og 29 år som stod utanfor arbeid og utdanning i Stranda kommune. Andelen ligg høgare for innvandrarar med 18,3 %. Tala for utanforskap ligg lågare enn nasjonale tal, med 9,9 % totalt og 23,1 % for innvandrargruppa (Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025).

I perioden 2021-2023 var det 1,2 % av befolkninga i Stranda kommune som mottok sosialhjelp minst ein gong i løpet av året, mot 3,6 % på landsbasis. I 2023 var det 14 % i Stranda kommune som mottok stønadar frå NAV, mot 17 % på landsbasis (Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025).

## 2.7 LOVBROT

Stranda kommune har 26,0 melde lovbrøt per 1000 innbyggjarar i eit gjennomsnitt over to år frå 2022-2023. Til samanlikning har Møre og Romsdal 37,0 meldte lovbrøt i same periode, medan heile landet har 56,1 meldte lovbrøt (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2024, 2024). I 2024 hadde Møre og Romsdal politidistrikt flest straffesaker knytt til kriminalitetsområdet Trafikk, etterfølgt av kriminalitetsområdet Vinning. Møre og Romsdal politidistrikt hadde i 2024 12 % fleire straffesaker enn i 2023. 40 % av auken frå 2023 til 2024 gjaldt økonomisk kriminalitet, primært svindel- og bedragerisaker på digitale plattformer (Møre og Romsdal politidistrikt, 2024).

## 2.8 BARNEHAGE

Stranda kommune har barnehagetilbod på Stranda, i Geiranger og i Sunnylvn bygdela. Barnehagane si opningstid er tilpassa arbeidstidene til næringslivet i kommunen.

Barnehagane i Stranda legg vekt på tett samarbeid mellom ulike faggrupper som pedagogar, spesialpedagogar, barnevern, PPT og helsetenester. Ein arbeider for sosial deltaking, trivsel og eit trygt og helsefremjande miljø der alle barn kan utvikle seg og lære. Barnehagane i Stranda legg stor vekt på språk som verktøy for inkludering.



## 2.9 SKULE


Stranda kommune har skuletilbod i tre av fire bygdela. Det har vore ein nedgang i elevtalet i perioden 2020-2023, med ein reduksjon på -39 elevar på tvers av barne- og ungdomsskule (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2024, 2024). Kommunen har to vidaregåande skular, med fleire elevar som pendlar til kommunen eller bur på hybel. Vestborg vidaregåandeskule er ein privat internatskule.




Skulane i Stranda kommune arbeider for å skape eit trygt og støttande læringsmiljø, med fokus på språk, inkludering og tverrfagleg samarbeid. Retten til individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) er heimla i § 11-6 i Opplæringslova. Elevar som ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den ordinære opplæringa har rett til ITO.

Skuleåret 2023/2024 er det i Stranda kommune 8,4 % av elevane i grunnskulen som har tilbod om ITO. Snittet ligg på 9,3 % i Møre og Romsdal og 8 % i Noreg (Utdanningsdirektoratet, Tall om elevar, skolar, speialundervisning og særskilt norsk, 2025).

På elevundersøkinga for grunnskulen skuleåret 2025/2026, gjennomført ved 7. og 10. årstrinn, ligg Stranda kommune sine resultat relativt jamt med landsgjennomsnittet på dei fleste parameter (Utdanningsdirektoratet, Analysebrettet, 2025).




### Elevundersøkelsen – Alle indikatorer – 7. årstrinn



2025-26, Stranda, 7. årstrinn, Alle indikatorer, Alle eierformer, Alle kjønn

### Elevundersøkelsen – Alle indikatorer – 10. årstrinn



2025-26, Stranda, 10. årstrinn, Alle indikatorer, Alle eierformer, Alle kjønn


Kjelde: Utdanningsdirektoratet, 2025

## 2.10 TRIVSEL OG MOBBING UNGDATA 2024

Resultata frå Ungdata 2024 tyder på at dei fleste ungdommane i Stranda kommune (8. trinn - 3. trinn vgs) er nøgde med livet sitt og er inkludert i eit sosialt fellesskap. Men det finst og nokre ungdommar i kommunen som ikkje har det like greitt. Det er unge i kommunen som kjenner seg einsame, opplev å ikkje ha nokon å vere med på fritida, er utsett for plaging, trugsmål eller krenking. Stranda skil seg ikkje frå nasjonale tal på desse områda.




Har du i løpet av den siste veka vore plaga av at du har kjent deg einsam? Prosent i Møre og Romsdal og nasjonalt



Ungdomsskule

Har du i løpet av den siste veka vore plaga av at du har kjent deg einsam? Prosent i Møre og Romsdal og nasjonalt



Vidaregåande


Vidare ser Ungdataundersøkinga på om ungdommane i Stranda kommune blir utsett plaging og utestenging. Ein ser at der er nokon ungdommar som opplev slike hendingar i skule og fritida (Ungdata, 2024).

Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida? Prosent i Stranda kommune og nasjonalt



Vidaregåande

Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida? Prosent i Stranda kommune og nasjonalt



Ungdomsskule

Ungdommane i Stranda kommune rapporterer å kjenne seg trygge i nærområdet, på tvers av aldersgrupper, og resultatet på dette parameteret ligg høgare enn på landsbasis. Ungdommane rapporterer om et mangelfullt kollektivtilbod, og tilfredsheita med dette ligg langt lågare enn på landsbasis (Ungdata, 2024).

## 2.11 HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTA

Under helsestasjonen i Stranda kommune ligg skulehelsetenesta, helsestasjonen for ungdom, flyktningarbeid, smittevern og jordmortenesta. Stranda kommune har helsestasjonteneste for barn 0-5 år i Stranda tettstad og Geiranger. Jordmor har hovudkontor ved helsestasjonen i Stranda tettstad, samt i Geiranger ved behov. Helsesjukepleiar har faste dagar for oppfølging på alle skular. Helsestasjon for ungdom med helsesjukepleiar/jordmor og lege er open kvar onsdag frå 13.30-15:30 (følgjer skuleruta) i Stranda tettstad og er gratis for alle. Kjelde: Informasjon frå einingane i Stranda kommune.

## 2.12 VAKSINASJON

Helsestasjonen og skulehelsetenesta tilbyr alle barn og unge vaksine etter barnevaksinasjonsprogrammet. Gravide og flyktningar får og tilbod om vaksiner. Vaksenvaksinasjonsprogrammet blei introdusert hausten 2025 og inneber vaksining mot influensa, korona og pneumokokksykdom for dei som er 65 år og eldre. Statistikk frå Folkehelseinstituttet viser at vaksinasjonsdekninga for influensa og korona i Stranda ligg over landsgjennomsnittet (Folkehelseinstituttet Statistikk, 2025).

## 2.13 BARNEVERN

Barnevernet skal drive førebyggjande- og tverrfagleg arbeid, gje råd og rettleiing og sikre at barn og unge får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernet kan gjennomføre undersøkingar, iverksette nødvendige tiltak og følgje opp desse. Barnevernet Stranda har barnevernsvakt gjennom kommunesamarbeid på Sunnmøre.

Barnevernstenesta i Stranda kommune har fokus på tidleg innsats og førebygging. Dette kan vere ein medverkande årsak til at kommunen har ein høgare del barnevernstiltak enn både fylket og landet elles. Gjennom tidleg kartlegging av behov og tett samarbeid med barn og familiar, arbeider kommunen for å styrke oppvekstvilkåra.

	Stranda kommune	Møre og Romsdal	Noreg
Barn med melding (0-17 år)	3,6 %	4,1 %	4,1%
Undersøkingar (0-17 år)	4,4 %	3,7 %	4%
Tiltak (0-24 år)	4 %	2,6 %	2,7%

Kjelde: Informasjon frå einingane i Stranda kommune og SSB (SSB, Kommunefakta barnevernstenesta, 2025).

## 2.14 BETRE TVERRFAGLEG INNSATS (BTI)

Stranda kommune arbeider med BTI-modellen, ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og/eller føresette det er knytt undring eller bekymring til. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning og medverknad.



### 3 FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ

Ei rekkje miljøforhold påverkar folkehelsa til dømes drikkevasskvalitet, luftkvalitet, støy, sykkelnettverk og tilgang til friluftsområde. Under dette kapittelet er mykje av informasjonen innhenta lokalt, primært frå einingane i Stranda kommune.

Stranda kommune har god drikkevasskvalitet og lågt sannsyn for påverknad av mellom anna radon og støy. I 2023 kom 54 % av klimagassutsleppa i Stranda frå sjøfart, då primært i samband med turisme. Utsleppa har hatt aukande trend sidan 2009. Det ligg totalt seks skulebygg i Stranda kommune. Dei viktigaste offentlege tiltak for kulturtilbod til barn og unge i kommunen er kulturskulen og Den kulturelle skolesekken. Andre tilbod i kommunen er mellom anna Stranda kulturhus, folkebiblioteket, ungdomsklubbane og Frivilligsentralen. Det kulturelle tilbodet kan variere i dei ulike bygdelaga. Stranda kommune har god tilgang på turstiar og utandørs møteplassar rundt om i heile kommunen med ulik vanskegrad og tilkomst. Kommunen har svært få gang- og sykkelveggar. Dette bidreg til utrygge forhold for mjuke trafikantar og til å redusere tilgjengelegeheita til viktige knutepunkt som skular, barnehagar, butikkar og kollektivhaldeplassar.


#### 3.1 DRIKKEVASSKVALITET

Det er tre kommunale vassverk i kommunen fordelt på bygdelaga Geiranger, Hellesylt og Stranda. Jamlege vassprøvar blir analysert av Eurofins og ved avvik blir tiltak iverksett etter retningslinjer. Dette kan til dømes vere kokevarsel ved funn av bakteriar eller andre avvik. Liabygda har privat eigd vassverk.

- Stranda kommune har ei forsyningsgrad på 82 %.
- Hygienisk kvalitet ligg på 94 % og leveringsstabilitet 100 % (Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025).
- Ved Stranda og Hellesylt vassverk tas det vassprøvar omlag kvar fjortande dag.
- Ved Geiranger vassverk tek ein vassprøvar 20 veker i året. Frå april - oktober tek ein prøver kvar fjortande dag. Om vinteren tek ein prøver om lag ein gong i månaden.

#### 3.2 RADON

Stranda kommune klassifiserast som ein kommune med lav sannsynning for auka radonkonsentrasjonar i bustadar, og kommunens oppfølging kan avgrensast til generell informasjon og rettleiing. Likevel anbefaler Statens strålevern at innbyggjarar gjennomfører radonmålingar i eigen



Kjelde: <https://geo.ngu.no/kart/radon mobil/>

bustad, spesielt i vinterhalvåret, då radonnivåa kan vere høgare. Radon er ein usynleg og luktfri gass som kan føre til lungekreft ved langvarig eksponering, og det er difor viktig å vere føre var, sjølv i område med låg risiko (Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet, 2001).

### 3.3 STØY OG LUFTKVALITET/KLIMAGASSAR

Støymålingar i Stranda kommune vert på generelt grunnlag ikkje rekna som urovekkande for befolkninga, og det er derfor ingen krav om tiltak retta mot støy og befolkninga generelt.

Luftkvaliteten i Stranda kommune er svært god. Årsmiddelkonsentrasjonen av svevestøv i Stranda kommune er mellom 0-5 mikrogram/kubikkmeter. Forskrift om begrensning av forurensning set ei grense på 10 mikrogram/kubikkmeter. Over halvparten av klimagassutsleppa i Stranda kom i 2023 frå sjøfart, etterfølgt av vegtrafikk og jordbruk. Utsleppa har hatt aukande trend sidan 2009 med unntak av ein kraftig reduksjon under Covid (Miljødirektoratet, 2023).

### 3.4 FYSISK SKULEMILJØ

Det ligg totalt seks skulebygg i Stranda kommune:

- Sunnylvn skule vart tatt i bruk i 1973. Skulen har sidan vore utvida og renovert. I 2021 vart det gjennomført ei totalrenovering av skulebygget.
- Ringstad skule vart bygd i 1952-1954 og delar av skulen har vore renovert og fått tilbygg. Delar av skulen framstår i dag som relativt utdatert, noko som påverkar arbeidsmiljøet for både elevar og lærarane.
- Geiranger skule vart bygd i 1958. Geiranger barnehage starta som familiebarnehage i 1989 og flytta inn i nye lokale på skulen i 1996.
- Stranda ungdomsskule vart bygd på 1970-talet og totalrenoverert i 2013.
- Stranda VGS vart bygd i 1978 og Næringsfaghuset i 1996.
- Vestborg vgs sitt hovudbygg stod ferdig i 1952. Etter dette har det kome til fleire bygg i 1962, 1991 og 1996. Alle bygningane er framleis i bruk.

### 3.5 KULTUR

Stranda kommune sin totale plassering på Norske kulturindeks 2024 er nr. 221 av 357 kommunar i Noreg. Plasseringa har vore høveleg stabil dei siste åra. Dei viktigaste offentlege tiltak for kulturtilbod til barn og unge i kommunen er kulturskulen og Den kulturelle skolesekken (Telemarkforskning, 2025).

#### STRANDA KULTURSKULE

Kulturskulen tilbyr opplæring innan ulike musikkfag, dans, barnekor og teater/drama. Kulturskulen arrangerer fleire konsertar i løpet av året. I 2024 har 28,8 % av barna i Stranda kommune plass i kommunal musikk- og kulturskule (SSB, Kommunefakta, 2025).



## STRANDA FOLKEBIBLIOTEK

Det er eit stadig aukande fokus på at biblioteka skal vere ein stad der det skjer ulike kulturelle arrangement som er opne og gratis for alle, i tillegg til utlån av bøker med meir. I 2024 er det lånt 7816 bøker på biblioteket (SSB, Kommunefakta, 2025). Biblioteket på Stranda er opent fem dagar i veka, medan biblioteket i Hellesylt og Geiranger er ope ein dag i veka.

## STORFJORD KULTURHUS

Storfjord kulturhus har arrangement med både lokale, nasjonale og internasjonale artistar. Der er kinoframsyingar kvar veke, og Stranda kulturskule og folkebibliotek er lokalisert i kulturhuset. Ulike næringslivsaktørar, frivillige lag og organisasjonar, Stranda VGS, samt kommunale- og politiske tilsette nyttar kulturhuset.

## ANDRE KULTURELLE TILBOD I KOMMUNEN

Der er korps i tre av bygdelaga: Stranda skulekorps, Sunnylvn skulekorps og Eidsdal musikkorps (Geiranger er ein del av dette). Det er kor i fleire av bygdelaga og der er teater/revygruppe på Stranda og Hellesylt. Det vert jamleg arrangert kulturelle arrangement i fleire av bygdelaga, mellom anna bygdekino på Hellesylt og i Geiranger. For meir informasjon om arrangement, sjå [istranda.no](http://istranda.no).

### 3.6 FRIVILLIGSENTRALEN OG FRIVILLIGHEITA

Stranda Frivilligsentral skal vere eit knutepunkt for frivilligheita i Stranda kommune, og skal vere eit tilbod og ein møteplass for alle uansett alder, kjønn og etnisitet. Gjennom frivillig innsats ønskjer Frivilligsentralen mellom anna å bidra til betre levevilkår og oppvekstmiljø, fleire fritidstilbod, inkludering, sosialt fellesskap og aktiv deltaking i samfunnet.



**81 frivillige lag og organisasjonar:**  
Stranda: 51 stk  
Hellesylt: 18 stk  
Geiranger: 8 stk  
Liabygda: 4 stk

Frivillige lag og organisasjonar er viktige ressursar i folkehelsearbeidet og Stranda har fleire frivillige lag, organisasjonar og foreiningar. Deltaking i frivilligheita kan ha positive helsegevinstar for både dei som arbeidar som frivillig og for dei som benyttar seg av tilboda.

Stranda Frivilligsentral har lansert nettstaden [istranda.no](http://istranda.no) som gir ei samla oversikt over frivillige lag og organisasjonar i kommunen, samt ein kalender med liste over arrangement og aktivitetar (Stranda Frivilligsentral, 2025).

### 3.7 UNGDOMSKLUBB

Ungdomsklubb er en viktig arena for sosialisering for ungdom i bygda, som kan bidra til å førebygge utanforskap, mobbing, rus og kriminalitet.

Stranda kommune har ungdomsklubb på følgjande plasser:

- Hellesylt i regi av Sunnylvn samfunnshus og Sunnylvn kyrkje.
- Geiranger ingen fast organisert ungdomsklubb, men møtestadar tilgjengeleg.
- Liabygda i regi av frivillige.
- Stranda i regi av Stranda Inkludering- og Aktivitetssenter (SIA) for elevar ved 7. trinn og ungdomsskolen. Open hall i regi av Frivilligsentralen.
- Fredagsklubben på Dalen Bedehus og Stranda Soul Children på Stranda Bedehus i regi av Stranda misjonsforsamling.

### 3.8 NATURTERRENG, REKREASJONSAREAL OG MØTEPLASSER

Stranda kommune har god tilgang på turstiar rundt om i heile kommunen med ulik vanskegrad og som er egna for barn, ungdom, vaksne og eldre. Enkelte turveggar er lagt til rette for barnevogn og rullestol. Ein kan finne meir informasjon om turar og turstiar i Stranda kommune på mellom anna [ut.no](http://ut.no), [morotur.no](http://morotur.no) og [stikkut.no](http://stikkut.no). Stranda kommune har vore medlem av Sunnmøre friluftsråd sidan 2017. Rådet arbeidar med mykje forskjellig blant anna Stikk UT! og statleg sikra friluftsområde. Stranda kommune har til saman sju statleg sikra friluftsområde fordelt på Hellesylt, Geiranger og Stranda.



Bilete frå Flovegen, [ut.no](http://ut.no) og [hellesylt.info](http://hellesylt.info).

### 3.9 GATEBELYSNING, GANG- OG SYKKELVEG

Gåing og sykling er viktige kvardagsaktivitetar som fremjar fysisk og psykisk helse. Trygg og tilgjengeleg infrastruktur er avgjerande for å redusere ulykker og stimulere til auka kvardagsaktivitet.

Stranda kommune har i dag eit svært avgrensa nettverk av gang- og sykkelveggar, med fire etablerte strekningar i Stranda tettstad og Sve–Helstad. Nokre nye strekningar er regulert, men det manglar ein kommunedelplan og handlingsplan for gåande og syklande. Mange område der folk ferdast, inkludert skuleveggar, manglar gang- og sykkelveggar og har dårleg belysning. Det er starta arbeid med ein trafikktryggingplan (Kommunedelplan 2022–2032) som skal prioritere fleire fortau, gang- og sykkelveggar og betre belysning. Ein samla handlingsplan vil vere viktig for å koordinere tiltak og styrke folkehelsa.

## **4 SKADER OG ULYKKER**

På landbasis er ulykker som fører til personskade er ei stor utfordring for folkehelsa. Samtidig er mogelegheitene for å førebygge gode. Oversikt over ulykkesutsette område og når ulykker inntreffer kan mellom anna bidra til auka merksemd mot førebygging og eit meir treffsikkert tiltaksarbeid.

Stranda kommune skil seg lite frå landsgjennomsnittet i høve personskadar og sjukehusopphald. Det er samtidig fleire stadar i kommunen der vegane er bratte, smale og uoversiktlege, og det er mangel på gang- og sykkelveg frå utkantane inn mot sentrum i dei fleste bygdelaga. Ringstad skule ligg utsett til, med tungtransport like ved skulen.

### **4.1 UTSETTE SKULEVEGAR**

Fleire stadar i kommunen er vegane bratte, smale og uoversiktlege. Fleire av skulevegane er mørklagte. Det er mangel på gang- og sykkelveg frå utkantane inn mot sentrum i dei fleste bygdelaga. Ved til dømes Bygdavegen (Stranda tettstad) går det ein del tungtransport, og vegen går forbi Ringstad skule. I tillegg ligg Ringstad skule rett ved eit tidvis trafikkert kryss som dei fleste barna må krysse.

### **4.2 PERSONSKADER ETTER VEGTRAFIKKULYKKER**

Frå 2020 til og med 2023 har det vore 16 trafikkulykker i Stranda kommune. Ingen har blitt drepen i trafikken, men fire av ulykkene hadde hardt skadde (Statens vegvesen, 2024).

### **4.3 ANDRE PERSONSKADER**

Dårlege symjeferdigheiter er ein risikofaktor for å omkomme i drukningsulykker. Andelen 17-åringar som oppgir at dei kan symje 200 meter ligg i Stranda kommune på 90 %, samanlikna med 86 % på landbasis i perioden 2022-2024 (Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025).

Befolkninga si bruk av sjukehusstenesta kan gi ein viss peikepinn på viktige trekk ved både helsetenester og helsetilstand. I perioden 2022-2024 var det, i Stranda kommune, registrert i gjennomsnitt 11.9 innlagte pasientar i somatiske sjukehus per 1000 innbyggjarar per år i aldersgruppa 0-74 år. På landbasis låg tilsvarande tal på 10,6. I aldersgruppa over 75 år låg talet i Stranda kommune på 35,3 mot 44,4 på landbasis (Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025). Det var i gjennomsnitt 11 hoftebrot i Stranda kommune per år i perioden 2022-2024 (Skadeforebyggende forum, 2025).

## 5 HELSERELATERT ÅTFERD

Med helsereelatert åtfærd meinast åtfærd som har vist seg å ha innverknad på eit helseutfall. Dette kan vere til dømes fysisk aktivitet, ernæring eller bruk av tobakk og rusmidlar.

I tråd med Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024 er Stranda kommune ei Av-og-til kommune. Stranda kommune hadde, per 2024, eit stabilt tal på skjenkeløyve med 28 registrerte skjenkestadar. Ungdata-tala indikerer at dei fleste elevane ved ungdomstrinnet i Stranda kommune aldri har brukt røyk, snus eller e-sigarettar. Andelen som har prøvd ut alkohol ligg lågare enn på landsbasis. Andelen som har prøvd ut både tobakk og alkohol aukar frå ungdomstrinn til vidaregåande skule, og her ligg andelen som oppgir å ha vore rusa på alkohol over landsgjennomsnittet.

Stranda kommune ligg over landsgjennomsnittet i høve overvekt og fedme. Ein har fokus på etablering av gode kosthaldsvanar i både barnehage og skule. Stranda kommune har eit rikt organisasjonsliv knytt til idrett og organisert aktivitet. Ungdata indikerer at elevane i ungdomstrinnet hovudsakleg deltek i idrettslag, medan unge i vidaregåande skule trenar mest på treningsstudio. Der er to treningscenter i kommunen, eitt i Stranda tettstad og eit på Hellesylt. I tillegg driftar kommunen, i samarbeid med frivillige, eit helsefremjande og førebyggjande gruppetreningstilbod for seniorar i alderen 65+.

### 5.1 TOBAKK

I Møre og Romsdal oppga 7 % mellom 16-79 år å vere daglegrøykarar i perioden 2021-2025, medan 14 % oppga å bruke snus dagleg i same periode. Tala ligg om lag på landsgjennomsittet (SSB, Røyk, alkohol og andre rusmidler, 2025). I perioden frå 1991-1995 til 2021-2025 har andelen som oppgir å røyke regelmessig gått kraftig ned, medan andelen som nyttar snus regelmessig har auka (Folkehelseinstituttet, Tobakksbruk blant voksne, 2025).

Folkehelseinstituttet rapporterer at 20 % av norske 15 og 16 åringar har nytta e-sigarettar siste 30 dagar i 2024, mot 11 % i 2019. Andelen som nyttar snus regelmessig har i same periode auka frå 12 % til 14 % (Folkehelseinstituttet, Bruk av røyk, e-sigaretter og snus blant ungdom, 2025). I Ungdata 2024 kjem det fram at 96 % av elevane på ungdomstrinnet i Stranda kommune aldri har røykt, mot 87 % på landsbasis. 96 % av elevane i ungdomsskulen har aldri brukt snus og 95 % har aldri brukt e-sigarettar. I vidaregåande skule er det 70 % av ungdommane i Stranda kommune som aldri har røykt. 69 % har aldri brukt snus og 66 % har aldri brukt e-sigarettar (Ungdata, 2024).

### 5.2 ALKOHOL OG RUS

Det blei i 2024 utarbeida ny Rusmiddelpolitisk handlingsplan i Stranda kommune og det er viktig å sjå folkehelseoversikta og denne planen i samanheng. I tråd med Rusmiddelpolitisk handlingsplan er Stranda kommune ei Av-og-til kommune. Av-og-til er ei alkovettorganisasjon som bidreg til å redusere dei negative følgene av alkoholbruk. I kommunesamanheng er dei med og lokaltilpassar rusførebygginga.

## **ALKOHOL OG RUS – UNGDATA 2024**

Ungdata 2024 indikerer at 5 % av elevane i ungdomsskulen i Stranda kommune har vore rusa på alkohol ein eller fleire gongar det siste året, mot 13 % på landsbasis. 8 % har fått tilbod om hasj eller marihuana, medan 1 % har brukt dette. For vidaregåande skule oppgir 66 % å ha vore rusa på alkohol det siste året, mot 59 % på landsbasis. 20 % av elevane i vidaregåande skule oppgir at dei har fått tilbod om hasj eller marihuana det siste året, mot 42 % på landsbasis. I Stranda kommune opplyser 4 % av elevane i vidaregåande skule å ha brukt hasj eller marihuana, mot 18 % på landsbasis (Ungdata, 2024).

## **ALKOHOL OG RUS RELATERT ÅTFERD HJÅ DEN VAKSNE BEFOLKNINGA**

I Møre og Romsdal oppgir 31 % mellom 16-74 år å drikke alkohol ein gong per veke eller oftare. 4 % oppgir å ha brukt Cannabis det siste året (SSB, Røyk, alkohol og andre rusmidler, 2025). Ipsos har på vegne av Av-og-til gjennomført ei spørjeundersøking for å belyse alkoholbruk og alkoholkultur i Stranda kommune. Denne gir indikasjon for at mange i Stranda har eit reflektert forhold til mellom anna alkoholbruk hjå vaksne med barn til stades, å kunne takke nei til alkohol på sosiale arrangement og bruk av køyretøy/båt i alkoholpåverka tilstand (Av-og-til, 2025).

Kommunehelsa statistikkbank viser at Stranda hadde høgare alkoholomsetning i daglegvarebutikkar og vinmonopol i åra 2012 til 2016, samanlikna med Møre og Romsdal og Noreg. Det finnes ikkje tal frå åra etter 2016 (Kommunehelsa statistikkbank, 2024). Stranda kommune hadde, per 2024, eit stabilt tal på skjenkeløyve med 28 registrerte skjenkestadar (Stranda kommune, Ruspolitisk handlingsplan 2024-2028, 2024).

### **5.3 VALD OG TRAKASSERING – UNGDATA 2024**


Nokre opplever vald og krenkingar frå andre, og mobbing og seksuelle krenkingar i ungdomstida kan vere kopla til jamaldringar. På landsbasis opplev omlag 5 % å jamleg bli plaga eller truga av andre unge. Stranda kommune sine tal skil seg ikkje ut samanlikna med nasjonale tal. Ein ser også at ein liten prosent av dei unge i Stranda kommune opplev vald frå ein vaksen i familien (Ungdata, 2024).

### **5.4 KOSTHALD**

Tal frå folkehelseprofilane, kommunehelsa statistikkbank og skulehelsetenesta indikerer at overvekt og fedme er ei av Stranda kommune sine folkehelseutfordringar, sjå punkt 6.3 for meir informasjon. I barne og ungdomsåra utviklar kroppen seg raskt, og behovet for næringsstoffa aukar. Gode kosthaldsvanar blir etablert tidleg og tekne med vidare i livet. Eit sunt kosthald og god næring kan redusere risikoen for ei rekkje sjukdomar og er avgjerande for vekst og utvikling i ungdomstida.


## KOSTHALD I BARNEHAGANE OG SKULANE

Både private og kommunale barnehagar i Stranda kommune følgjer Helsedirektoratet sine anbefalingar for mat og måltid. Borna har tilbod om frukt og grønt kvar dag, og deltek ofte i matlaging der dei blir oppfordra til å smake på maten. Barnehagane i Stranda kommune har ikkje nulltoleranse for sukkerhaldig mat og drikke. Dei fokuserer heller på kva ein bør ete meir av, og kva alternativ som finst for å innarbeide gode matvanar. Barne- og ungdomsskulane i Stranda kommune har undervisning i faget "Mat og helse" på 6. og 9.trinn, og denne følgjer læreplanen frå Utdanningsdirektoratet. Kjerneelementa her er helsefremjande kosthald, berekraftige matvanar og forbruk, og mat og måltid som identitets- og kulturuttrykk. Skulane har fokus på at barna skal ha med sunn og næringsrik mat i matboksen, og foreldra blir informert om dette.




Ungdata 2024 viser at 65 % av elevane på ungdomsskulen et frukost før første time, og 70 % har med seg matpakke/et lunsj på skulen. På vidaregåande skule derimot er det berre 41 % som et frukost før første time, medan 68 % har med seg matpakke/et lunsj på skulen. Helsedirektoratet anbefaler å ete minimum fem, men helst åtte porsjoner frukt/bær og grønnsaker kvar dag. Forsking viser at dette er forbunde med redusert risiko for mellom anna hjarte- og karsjukdom, diabetes type 2 og tarmkreft. Skulane i Stranda kommune har ikkje skulefrukt-ordning. Tala frå Ungdata 2024 at dei færreste av elevane et grønnsaker/frukt ein eller fleire gongar om dagen, der inntaket er lågast blant elever på ungdomsskulen (Ungdata, 2024).

Det er vedteke forbod mot sal av energidrikk til unge under 16 år frå 1.januar 2026. Årsaka er tal frå Folkehelseinstituttet, som på landsbasis viser auke i inntak av energidrikk blant ungdom i aldersgruppa 10-18 år i perioden 2015-2023. Energidrikk har høgt innhald av koffein, som er eit sentralstimulerande og avhengighetsskapande stoff. Inntak av 0,5 l energidrikk gir som regel 160 mg koffein, og aukar risikoen for negative helseeffektar knytt til sentralnervesystemet (søvnforstyrring, uro) og hjarte-/karsystemet for dei fleste under 18 år (Folkehelseinstituttet, 2023). Ungdata 2024 for Stranda kommune, viser at 26 % av elevane på ungdomsskulen drikk energidrikk ein gong i veka eller oftare, medan talet for VGS er 62 %.




Tal for ungdomsskulen, Ungdata 2024



Tal for vgs, Ungdata 2024

Korleis ungdommen har det, og opplevd press, kan vere med på å auke faren for eit komplisert forhold til mat. Tal frå Ungdata 2024 viser at 56 % av ungdomsskule-elevane i Stranda opplever ein del til mykje press om å sjå bra ut eller ha ein fin kropp. Denne prosentandelen aukar til 82 % ved den vidaregåande skulen.



## KOSTHALD HELSE- OG OMSORGSTENESTA

Kvalitetsforskrifta for pleie- og omsorgstenestene §3 pålegg kommunen mellom anna å ha prosedyrar som sikrar at tenestemottakerane *“får tilstrekkeleg næring, variert og helsefremjande kosthald og rimeleg valfridom i høve mat. I tillegg skal dei ha tilpassa hjelp ved måltid og nok ro til å ete.”* (Lovdata, Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting etter lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene og etter lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.v., 2003). I nasjonal fagleg retningslinje for forebygging og behandling av underernæring, kjem det også fram at *“alle pasienter skal vurderes for risiko for underernæring ved innleggelse i helse- og omsorgsinstitusjon og ved oppstart av helse- og omsorgstenester, og deretter etter en gitt frekvens, eller etter et annet faglig begrunnet individuelt opplegg.”* (Helsedirektoratet, Forebygging og behandling av underernæring, 2022).

Sjukeheimen, og dei bemanna omsorgsbustadane i kommunen, tilbyr fire måltid for dag. Middag blir laga på storkjøkkenet ved Stranda omsorgssenter etter kok-kjøøl prinsippet, og levert til dei bemanna omsorgssentera i kommunen ein gong i veka. I tillegg får brukarar av dagsenter for demente servert middag, og heimebuande eldre har tilbod om å få bringa middag heim. Kjøkkenet lager mat etter Helsedirektoratet si retningslinje for *“Ernæring, kosthold og måltid i helse- og omsorgstjenesta”*.

Å førebygge og behandle underernæring er ein naturleg del av helse- og omsorgsarbeidet, og alle tenestemottakarar i pleie- og omsorgstenesta i kommunen, skal bli vurdert og svart ut på desse punkta i IPLOS:

- Ernæringsstatus kartlagt
- Ernæringsmessig risiko/underernæring
- Ernæringsplan utarbeidd

Tenestemottakarane og tilsette i pleie- og omsorgstenesta i kommunen har i dag tilgang på sjukepleier med tilleggsutdanninga *“Bachelor i ernæring”*. Vedkomande er behjelpeleg med å kartlegge brukarane, og iverksetting av eventuelle ernæringsretta tiltak.

## 5.5 FYSISK AKTIVITET

Helsedirektoratet si anbefaling for fysisk aktivitet seier oppsummert:

- *«Minimum 150 minutter i uken med moderat fysisk aktivitet eller halvparten av tiden med høy intensitet, eller en kombinasjon.*
- *Om man sitter stille mer enn 8 timer per dag: 300 minutter moderat fysisk aktivitet for å kompensere for stillesittingen.*
- *Reduser tiden i ro.*
- *Som en del av den ukentlige aktiviteten bør voksne og eldre utføre styrkeøvelser minst to ganger i uken.»*

På landsbasis er det berre 50 % av vaksne som er fysisk aktive 150 minutt i veka med moderat intensitet eller tilsvarande, eller kompenserar med dobbel dose fysisk aktivitet for sitting minst 8 timar dagleg (Helsedirektoratet, Halvparten av voksne følger råd om fysisk aktivitet, 2025).

I Stranda kommune indikerer folkehelseprofilen 2025 at andelen 17-åringar som trenar sjeldnare enn ein gong i veka ligg på 21 %. Dette er noko lågare enn tala for fylket og Noreg generelt som ligg på 28 % (Helsedirektoratet, Folkehelseprofiler og statistikk, 2025).

## 5.6 ORGANISERT IDRETT/AKTIVITET

Idrettsorganisasjonar har som si primær oppgåve å organisere og legge til rette for fysisk aktivitet, og spelar ei viktig rolle i høve folkehelsa til innbyggjarane. Det er viktig at alle har moglegheit for å kunne delta i organisert idrett uavhengig av alder, etnisitet, legning og sosioøkonomisk status.

Ungdata 2024 indikerer at 50 % av elevane i ungdomsskulealder i Stranda kommune trener minst fem gongar i veka. Det er flest som deltek i idrettslag eller trener på eiga hand. Tala indikerer vidare at 52 % av unge i vidaregåande skule trener minst fem gonger i veka. Det er flest unge i denne aldersgruppa som rapporterer å trene på treningsstudio, etterfølgt av eigentrening og deltaking i idrettslag.

Stranda kommune har eit rikt organisasjonsliv knytt til idrett og organisert aktivitet. Idretten er avhengig av frivillige ressursar for skape eit varig og godt tilbod til målgruppene. Det kan tidvis vere utfordringar knytt til rekruttering av frivillige. Dette gjeld ikkje særleg for Stranda kommune, men er likt for heile landet. Ei anna utfordring er plass og halltid til organiserte aktivitetar for både barn og vaksne. Økonomi kan og vere ei barriere for deltaking i idrett for barn og unge. Kommunen arbeider for at å sikre at barn har høve til å delta i organisert aktivitet, uavhengig av familien sin økonomiske situasjon.

Istranda.no har ei detaljert oversikt over tilbodet av organisert fritidsaktivitet i Stranda kommune. I tillegg til oversikt over lag og organisasjonar, vil ein her kunne finne ein kalender med arrangement og aktivitetar for kommunen.

## 5.7 UORGANISERT IDRETT/AKTIVITET

Det finnes nokre uorganiserte møteplassar for born og vaksne i kommunen, sjå istranda.no for meir informasjon. Uorganisert idrett/aktivitet og opne møteplassar bidreg til både livsmeistring,

felleskap, integrering, folkehelse og auka bulyst. BUA Stranda tilbyr gratis utlån av sport- og fritidsutstyr til alle innbyggjarar i Stranda kommune.

## TRENINGSSENTER

Det er anslått at treningscenter gir ei stor velferdsgevinst, sparar samfunnet for utgifter og bidreg til betre folkehelse. Tal på landsbasis viser at fleire er medlem av treningscenter enn idrettslag (SSB, Idrett og friluftsliv, 2024).

Stranda kommune har per 01.05.2025 to treningscenter:

- Hellesylt treningscenter: Ca. 60 medlemmar.
- Stranda treningscenter: Ca. 250 medlemmar.



Sistnemnde har både gruppetreningstimar og studio. To gongar i veka er seniortrening med sosialisering etterpå.

I tillegg har Stranda vgs og Vestborg vgs tilbod om treningsrom for ungdommar.

## STERK OG STØDIG TRENINGSGRUPPE

«Sterk og stødig» er eit helsefremjande og førebyggjande gruppetreningstilbod for seniorar i alderen 65+, og er utvikla med mål om å førebygge fall og fallskadar. Treninga inneheld øvingar for å betre muskelstyrke og balansen, samtidig som man får moglegheit til å trene saman med andre seniorar.

Dei nasjonale anbefalingane for fysisk aktivitet understrekar at eldre personar med nedsett balanse bør, i tillegg til å være fysisk aktive 30 minutt minst fem dagar i veka, gjere øvingar som betrar styrke og balanse. Dette kan bidra til å redusere risikoen for fall. Sterk og stødig er eit treningstilbod som følgjer opp dei nasjonale anbefalingane.

Grappa blir leia av frivillige instruktørar som er kvalifiserte gjennom Sterk og stødig instruktørkurs som går over tre dagar. Kommunal fysioterapeut er rettleiar for instruktørane, og administrerer tilbodet i kommunen. I 2025 er det treningsgruppe på Stranda, på Hellesylt og i Liabygda.

## 5.8 LEGEMIDDELBRUK

Forbruket av følgjande legemiddel har gått ned i Stranda kommune frå 2013 til 2021:

- Sovemiddel og beroligande middel (N05B, N05C).
- Middel mot astma og KOLS (R03 unntatt R03CA).

Forbruket av følgjande legemiddel har auka i Stranda kommune frå 2013 til 2021:

- Diabetesmedikament (A10).
- Smertestillande middel (M01A, N02A, N02B).
- Allergimiddel (R06A, R01AC, R01AD, R01B, S01G).

- Middel mot hjerte- og karsjukdommar (C).
- Middel ved psykiske lidingar (NO5A, NO6A).
- ADHD-middel (C02AC02, N06BA ekskl. N06BA07).

Kommunen har lågare forbruk enn både Møre og Romsdal og landet generelt av samtlige legemiddel lista over (Kommunehelsa statistikkbank, 2024).

## 6 HELSETILSTAND

Med helsetilstand meinast befolkninga si helse målt ved til dømes levealder, kosthald, sjukdommar og sjukefråvær.

Stranda kommune skil seg lite frå landet elles i høve smittsame og ikkje-smittsame sjukdommar, uførepensjon og sjukefråvær. Kommunen har ein noko høgare forventa levealder enn resten av landet. Samtidig ligg Stranda kommune høgare enn landsgjennomsnittet i høve overvekt, både målt ved førstegongsteneste og ved første svangerskapskontroll for kvinner. Tala indikerer at trenden i høve overvekt er stigande. Andelen barn som vert fødd med høg fødselsvekt er større i Stranda kommune enn landsgjennomsnittet. Kommunen ligg høgare på innrapporterte muskel- og skjelettplager frå primærhelsetenesta i perioden 2020-2022 enn både fylket og landet elles. Samtidig ligg kommunen lågare i høve uførepensjon enn både Møre og Romsdal og landet elles. Tannhelse er gjennomgåande god både i Noreg og Møre og Romsdal, men framleis har ei lita gruppe store kariesproblem. Stranda kommune sine tal indikerer at ein ligg dårlegare ann i høve tannhelse enn både Møre og Romsdal og landsgjennomsnittet.

### 6.1 FORVENTA LEVEALDER

Forventa levealder for menn i Stranda kommune er 81,7 år, mot 81,0 år i Møre og Romsdal og 80,5 år på landsbasis. Forventa levealder for kvinner i Stranda kommune er 85,7 år, mot 84,7 år i Møre og Romsdal og 84,1 år på landsbasis (Helsedirektoratet, Folkehelseprofiler og statistikk, 2025). Stranda kommune har slik ein noko høgare forventa levealder samla og fordelt på kjønn samanlikna med resten av landet.

### 6.2 PSYKISKE LIDINGAR

					2018-2020	2019-2021	2020-2022	2021-2023	2022-2024
Hele landet	kjønn samlet	0-74 år	Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99)	per 1000, standardisert	157	162	166	173	180
			Psykiske lidelser (P70-99)	per 1000, standardisert	75	78	80	81	83
		15-24 år	Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99)	per 1000, standardisert	158	166	172	181	185
			Psykiske lidelser (P70-99)	per 1000, standardisert	90	95	99	103	104
Møre og Romsdal	kjønn samlet	0-74 år	Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99)	per 1000, standardisert	155	160	165	173	179
			Psykiske lidelser (P70-99)	per 1000, standardisert	76	79	81	83	85
		15-24 år	Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99)	per 1000, standardisert	159	168	177	187	191
			Psykiske lidelser (P70-99)	per 1000, standardisert	97	103	108	113	114
Stranda	kjønn samlet	0-74 år	Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99)	per 1000, standardisert	127	131	136	145	155
			Psykiske lidelser (P70-99)	per 1000, standardisert	52	55	57	56	55
		15-24 år	Psykiske symptomer og lidelser (P01-29 og P70-99)	per 1000, standardisert	143	159	173	175	166
			Psykiske lidelser (P70-99)	per 1000, standardisert	80	86	92	88	82

Måltall per 1000, standardisert


Kjelde: Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025

Som vist i tabellen ligg Stranda kommune under både snittet i Møre og Romsdal og landsgjennomsnittet når det gjeld innrapporterte psykiske lidningar. Dette er innrapporterte tal frå primærhelsetenesta, og det kan finnast mørketal (Helsedirektoratet, Statistikkbanken, 2025).

Folkehelseinstituttet har kartlagt psykisk helse og livskvalitet hjå heimebuande i alderen 60 år og eldre i Noreg. Rapporten indikerer at, når det gjelder sjølvrapportert psykisk helse, ligg yngre eldre (60-79 år) lågare på samlemål for angst- og depresjonssymptom enn yngre vaksne (20-39 år). Samtidig ser ein at symptoma aukar noko hjå dei aller eldste (80 +). Tala for diagnostiserte psykiske lidningar indikerer at kvinner frå 60 til 89 år har om lag dobbelt så høg førekomst av angst- og depresjonsdiagnosar som menn. Ein av fire mellom 60-79 år og ein av tre over 80 år rapporterer om oppleving av einsemd. Tala for einsemd hjå eldre har gått noko ned dei siste åra, men framskrivingar av talet på eldre med alvorleg einsemd kan doblast fram mot 2050 som følge av befolkningsaldring (Folkehelseinstituttet, Psykisk helse og livskvalitet blant eldre, 2025).

### 6.3 OVERVEKT OG FEDME

Fedme gir mellom anna auka risiko for type 2-diabetes, hjarteinfarkt, hjerneslag, høgt blodtrykk, muskel- og skjelettlidningar og enkelte kreftsjukdommar (Helsedirektoratet, Forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos vaksne, 2011).



Kjelde: iform.nu

I 2021-2024 målte 31 % av mennene og kvinnene i førstegongstenesta ei kroppsmasseindeks (KMI/BMI) på 25 eller høgare i Stranda kommune. Talet ligg høgare enn både Møre og Romsdal (23 %) og landsgjennomsnittet (22 %) (Helsedirektoratet, Folkehelseprofiler og statistikk, 2025).

I tidsrommet 2020-2022 hadde 46 % av kvinnene i Stranda kommune overvekt (inkl. fedme) ved første svangerskapskontroll. Andelen ligg høgare enn resten av landet og Møre og Romsdal, og tala indikerer at trenden er stigande (Kommunehelsa statistikkbank, 2024).

### 6.4 HØG/LÅG FØDSELSVEKT

5,6 % av barn fødd i Stranda kommune mellom 2013-2022, vart fødd med høg fødselsvekt. Til samanlikning var landsgjennomsnittet på 3 % og Møre og Romsdal 3,9 % (Kommunehelsa statistikkbank, 2024).

Definisjoner WHO:  
Høg fødselsvekt: >4500 g  
Normal: 2500-4500 g  
Lav: <2500 g

Kjelde: Norsk helseinformatikk, 2021

### 6.5 MUSKEL- OG SKJELETLIDINGAR

Stranda kommune ligg høgare på innrapporterte muskel- og skjelettplager frå primærhelsetenesta i perioden 2020-2022 enn både fylket og landet elles (Kommunehelsa statistikkbank, 2024). Muskel- og skjelettplager er ein viktig årsak til dårleg helse, nedsett livskvalitet, sjukefråvær og uførheit. Risikofaktorar for å

utvikle denne typen plager er mellom anna overvekt, røyking og arbeidsrelaterte faktorar (Folkehelseinstituttet, Folkehelse rapporten, 2022).

## 6.6 SJUKDOMMAR

Samanlikna med både Møre og Romsdal og landet elles har Stranda kommune:

- lågare førekomst av hjarte- og karsjukdommar
- lågare bruk av legemiddel mot behandling av type-2 diabetes
- lågare førekomst av bruk legemiddel mot behandling av KOLS og astma

Nye tilfelle av tjukk- og endetarmskreft, lungekreft og hudkreft skil seg ikkje frå resten av landet. Forekomsten av brystkreft ligg høgare enn på landsbasis (Kommunehelse statistikkbank, 2024). I tolkning av desse tala er det viktig å ta høgde for at Stranda kommune har ei aldrande befolkning og at andelen eldre er høgre i kommunen enn på landsbasis. Visse kreftformar er vanlegare i ei aldrande befolkning.

Stranda kommune har ikkje hatt alvorlege utbrot av smittsame sjukdommar sidan Covid-pandemien. Kommunen nyttar Meldingssystem for smittsame sjukdommar (MSIS), men tala er små. Stranda kommune ligg lågare på bruk av antibiotika samanlikna med landet elles. Kjelde: Einingane i Stranda kommune

## 6.7 DEMENS

Demens er eit samleomgrep for sjukdom som påverkar evna til rasjonell tenking og oppfatning, minnet og moglegheita for å fungere i dagleglivet. Omfanget av demenssjukdom er aukande med høgare levealder og er vanlegare hos kvinner. Som følgje av auka levealder i befolkninga i åra framover, er det derfor stor sannsyning for at ein vil få fleire demenspasientar.

Andelen med demens ligg på 3,18 % i Stranda kommune. Befolkninga i kommunen er eldre enn gjennomsnittet i Noreg og har difor ein høgare andel med demens. Det er forventta 36 nye tilfelle i 2025. Framskrivingar mot 2030 indikerer at Stranda kommune då han ha i underkant av 150 personar i kommunen med demenssjukdom (Nasjonalt senter for aldring og helse, 2025).

## 6.8 TANNHELSE

Tannhelse er gjennomgåande god både i Noreg og Møre og Romsdal, men framleis har ei lita gruppe store kariesproblem. Ser ein på Fylkesstatistikken 2019 har 3-åringar, 5-åringar, 12-åringar og 18-åringar i Stranda kommune dårlegare tannhelse enn både Møre og Romsdal og landet elles.

Per 2023 ligg andelen 18-åringar utan erfaring med hol i tennene på 23 % i Stranda kommune samanlikna med Møre og Romsdal på 26 % og 32 % på landsbasis (Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesstatistikk 2024, 2024).

## **6.9 UFØREPENSJON**

I 2025 er det 12,1 % i aldersgruppa 45-66 år i Stranda kommune som mottok uførepensjon, mot 15,3 % i Møre og Romsdal og 16,7 % på landsbasis (Helsedirektoratet, Folkehelseprofiler og statistikk, 2025).

## **6.10 SJUKEFRÅVÆR**

Nasjonalt ligg landsgjennomsnittet for legemeldt sjukefråvær på 5,6 % i 2. kvartal 2025, medan det lokalt i Stranda ligg på 6,0 % (Lystad consulting, 2025).

## 7 REFERANSAR

Av-og-til. (2025). *Rapport Stranda kommune*.

Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet. (2001). *Kartlegging av radon i Stranda kommune*.

Henta frå [https://www.dsa.no/radon/radon-kommunerapporter/Stranda\\_radon.pdf](https://www.dsa.no/radon/radon-kommunerapporter/Stranda_radon.pdf)

Folkehelseinstituttet. (2023). *Bruk av energidrikker i aldersgruppen 10-18 år*. Henta frå

<https://www.fhi.no/publ/2023/bruk-av-energidrikker-i-aldersgruppen-10-18-ar/>

Folkehelseinstituttet. (2022). *Folkehelse rapporten*. Henta frå

<https://www.fhi.no/he/fr/folkehelse rapporten/ikke-smittsomme/muskel-og-skjeletthelse/?term=>

Folkehelseinstituttet. (2025). *Bruk av røyk, e-sigaretter og snus blant ungdom*. Henta frå

<https://www.fhi.no/le/royking/tobakk norge/bruk-av-tobakk/bruk-av-royk-e-sigaretter-og-snus-blant-ungdom/>

Folkehelseinstituttet. (2025). *Psykisk helse og livskvalitet blant eldre*. Henta frå

[https://www.fhi.no/contentassets/1cdda7961649462b9b83dd69eb90defa/kartlegging-av-eldres-psykiske-helse-og-livskvalitet\\_23sept2025\\_publisert-notat.pdf](https://www.fhi.no/contentassets/1cdda7961649462b9b83dd69eb90defa/kartlegging-av-eldres-psykiske-helse-og-livskvalitet_23sept2025_publisert-notat.pdf)

Folkehelseinstituttet. (2025). *Tobakksbruk blant voksne*. Henta frå

<https://www.fhi.no/is/ncd/tobakk/voksne/>

Folkehelseinstituttet Statistikk. (2025, 12 1). *FHI-Statistikk*. Henta frå FHI-Statistikk-Sysvak:

<https://statistikk.fhi.no/sysvak/>

Helsedirektoratet. (2011). *Forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos voksne*.

Henta frå [https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/overvekt-og-fedme-hos-voksne/Overvekt%20og%20fedme%20hos%20voksne%20%E2%80%93%20Nasjonal%20faglig%20retningslinje%20for%20forebygging,%20utredning%20og%20behandling.pdf/\\_attachment/inline/24ec824b-646d-4248](https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/overvekt-og-fedme-hos-voksne/Overvekt%20og%20fedme%20hos%20voksne%20%E2%80%93%20Nasjonal%20faglig%20retningslinje%20for%20forebygging,%20utredning%20og%20behandling.pdf/_attachment/inline/24ec824b-646d-4248)

Helsedirektoratet. (2022). *Forebygging og behandling av underernæring*. Henta frå

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/forebygging-og-behandling-av-underernaering>

Helsedirektoratet. (2025). *Folkehelse profiler og statistikk*. Henta frå chrome-

extension://efaidnbmninnibpcjpcglclefindmkaj/https://folkehelseprofileksport.helsedirektoratet.no/Folkehelse profiler/Kommune/2025/Bokmaal/1525\_2025\_Bokmaal.pdf

Helsedirektoratet. (2025). *Halvparten av voksne følger råd om fysisk aktivitet*. Henta frå

<https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/halvparten-av-voksne-folger-rad-om-fysisk-aktivitet>

Helsedirektoratet. (2025). *Statistikkbanken*. Henta frå

<https://statistikk.fhi.no/nokkel/iIALHYpjwwwxCYECV9iAnanUAYXxFBhFZdQW1M7T5EeA>

Kommunehelse statistikkbank. (2024). *Kommunehelse statistikkbank*. Henta frå

<https://khs.fhi.no/webview/>

Lovdata. (2003). *Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting etter lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene og etter lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.v.* Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-06-27-792>

Lovdata. (2012). *Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

Lystad consulting. (2025). *Kommuneprofilen*. Henta frå [https://www.kommuneprofilen.no/Profil/utdanning/DinRegion/utd\\_hoy\\_region.aspx](https://www.kommuneprofilen.no/Profil/utdanning/DinRegion/utd_hoy_region.aspx)

Miljødirektoratet. (2023). *Utslipp av klimagasser i kommuner og fylker*. Henta frå <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=459&sector=-2>

Møre og Romsdal fylkeskommune. (2024). *Fylkesstatistikk 2024*. Henta frå <https://fylkesstatistikk.mrfylke.no/fylkesstatistikk/2024>

Møre og Romsdal fylkeskommune. (2025). *Fylkesstatistikk 2025*. Henta frå <https://fylkesstatistikk.mrfylke.no/fylkesstatistikk/2025>

Møre og Romsdal politidistrikt. (2024). *Straffesakstal 2024*.

Nasjonalt senter for aldring og helse. (2025). *Demenskartet*. Henta frå <https://demenskartet.no/>

Noregs vassdrags- og energidirektorat. (2024, Mai 15). *NVE Åknes*. Henta frå <https://www.nve.no/naturfare/overvaking-og-varsling/fjellskredovervaaking/kontinuerlig-overvaakede-fjellpartier/aaknes/>

Norsk helseinformatikk. (2021). Henta frå <https://nhi.no/familie/graviditet/svangerskap-og-fodselsykommer/komplikasjoner-i-svangerskapet/fostervekst-og-vekstavvik-veiviser>

Skadeforebyggende forum. (2025). *Fallbarometeret*. Henta frå <https://fallbarometer.no/kommune/#stranda>

SSB. (2024). *Idrett og friluftsliv*. Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/idrett-og-friluftsliv/statistikk/idrett-og-friluftsliv-levekarsundersokelsen>

SSB. (2025). *Bygningsmassen*. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/03174/tableViewLayout1/>

SSB. (2025). *Familier og husholdninger*. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/06070/tableViewLayout1/>

SSB. (2025). *Kommunefakta*. Henta frå <https://www.ssb.no/kommunefakta/stranda>

SSB. (2025). *Kommunefakta barnevernstenesta*. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/12280/>

SSB. (2025). *Røyk, alkohol og andre rusmidler*. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/list/royk>

Statens vegvesen. (2024). *Trefikkulykkeregisteret*. Henta frå <https://trine.atlas.vegvesen.no>

- Stranda Frivilligsentral. (2025). *istranda.no*. Henta frå <https://istranda.no/>
- Stranda kommune. (2024). *Ruspolitisk handlingsplan 2024-2028*. Henta frå [https://www.stranda.kommune.no/\\_f/p1/i9cc533b6-5cd8-41c6-9df0-33f391f33db2/vedteken-revidert-ruspolitisk-handlingsplan-2024-2028.pdf](https://www.stranda.kommune.no/_f/p1/i9cc533b6-5cd8-41c6-9df0-33f391f33db2/vedteken-revidert-ruspolitisk-handlingsplan-2024-2028.pdf)
- Stranda kommune. (2025). *Heimesida*. Henta frå <https://www.stranda.kommune.no/>
- Telemarkforskning. (2025). *Norsk kulturindeks*. Henta frå <https://kulturindeks.no/>
- Ungdata. (2024). Henta frå <https://www.ungdata.no/rapporter/>
- Utdanningsdirektoratet. (2025). *Analysebrettet*. Henta frå <https://analysebrettet.udir.no/grunnskole-elevundersokelsen-indikatorer?Kj%C3%B8nn=Alle%20kj%C3%B8nn&Skole=&Eierform=Alle%20eierformer&FylkeFilter=&Trinn=7.%20%C3%A5rstrinn&KommuneFilter=&Skole%C3%A5r=2025-26&Tilganger=>
- Utdanningsdirektoratet. (2025). *Tall om elever, skoler, spesialundervisning og særskilt norsk*. Henta frå <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/tall-om-elever-og-skoler/>